



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3966 - 18/35938

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 123/146 Risa

Byggjestad: Gbnr: 123/146
Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Bolig og Eiendom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endringsløyve 01.11.2018 og søknad om ferdigattest 26.11.18

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknadane er ikkje rett signert etter krava. Søknadane er signert av Arkoconsult AS ved Inge A. Johannessen som ikkje er ansvarleg søker for tiltaket. Ansvarleg søker er Bustad & Eigedom AS. Det ligg heller ikkje føre fullmakt frå Bustad & Eigedom som med fullmakt til å signere søknadspapir.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.12.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Byggesak har notert seg at det meste av korrespondansen i saka har skjedd gjennom Arkoconsult AS medan det er Bolig & Eiendom AS som er oppført som søker. For framtida ber vi om føretaka klargjer tydelegare mellom seg rollene sine overfor kommunen. I framtidige saker vil kommunen være tydelegare i at attendemeldingar og kommunikasjon skal gå gjennom ansvarleg søker.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



